



Bente Nilsen, Vigdis Haugland og Silje Bråtun har førebels ikkje merka konkurranse frå netthandel

Førebels merkar ikkje SPAR Uskedalen konkurranse frå netthandel, men ein skal ikkje utelukka at den etterkvart vil verta ein konkurrent også for ein daglegvarebutikk som vår Det vert spennande å sjå utviklinga.

Det seier dagleg leiar Bente Nilsen i ein kommentar til at Grenda i dag har eit stort reportasjeopplegg om netthandel Bente har merka seg visse TV-innslag som gjev ein pekepinn.

Imidlertid reknar ho med at det i alle høve vert eit samarbeid med daglegvarebransjen ettersom det vil vera behov for lagerplass.

Grendas reportasje er ikkje innom daglegvarer men slår ellers fast at netthandel vert stadig meir populært. Men Tony Fredheim i Elkjøp Husnes trur og håpar at vi kjem til å ha butikkar i lokalsamfunna ei god stund enno.

Rune Haugland i Sport 1 kallar netthandelen ei utfordring som han trur vil auka. Tine Huse ved Cubus har ikkje merrka noko særleg til netthandelen og det har heller ikkje Skoringen.

Det har derimot Åsfrid Barstad ved Gullfunn og det er fleire som handlar vin på nett. Bente Soldal ved bokhandelen i Rosendal møter dei nye handlevanane med eigen nettbutikk

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen